



og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest

Bergen, 24.11.09

Vår ref. b.1132/09/BSI/6.3

Norges Fiskarlag

Norges Sildesalgsdag

Skagerakfisk

### TELEFAKS

## FORSLAG TIL FORSKRIFT OM OMSETNING I FØRSTE HÅND AV VILTEVENDE MARINE RESSURSER - SAMORDNING AV OPPLYSNINGER I NORGES SILDESALGSLAG OG SKAGERAKFISK VEDK. NORDSJØSILD.

Viser til høyringsbrev frå Fiskeri- og kystdepartementet om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest handsama ovannemnde som sak 104/09 i sitt møte 23.11.09, og fatta følgjande vedtak:

"Styret i Fiskarlaget Vest meiner at Norges Sildesalgsdag må ha omsetninga av nordsjøsild, men at det bør kunne gjevast dispensasjon for fartøy heimehøyrande i Skagerakfisk sitt område om dei vil omsetja nordsjøsilda via Skagerakfisk.

Administrasjonen i Fiskarlaget Vest opplevde at det var svært vanskeleg å få oversikt over kor mykje som stod att av kystflåten sin kvote av nordsjøsild i samband med at ein skulle vurdere om det var grunnlag for å be om refordeling.

Ein del av fangstane blir registrert hos Norges Sildesalgsdag, som heile tida har oppdatert kor mykje som står igjen av kvotane, og den andre delen blir registrert hos Skagerakfisk, som ligg nokon veker etter når det gjeld oppdatert liste på internett.

Det som er levert via Skagerakfisk skal trekkjast frå tala som ligg på nettsida til Norges Sildesalgsdag. Dette er det nok ein del fiskarar og andre som ikkje er klar over.

I tillegg står det ikkje direkte nokon stad kor mykje som var fiska/var att av den særskilte 500-tonns kvoten som gjeld for låssetting innanfor grunnilinja i Skagerrak etter 1. september, der ein kan fiska inntil 100 tonn utover tildelt kvote.

Styret i Fiskarlaget Vest finn dette svært uoversiktleg og ein ber Skagerakfisk og Norges Sildesalgsdag om at statistikken i framtida blir samkjørt, slik at ein får oppdaterte

Adresse:  
Slottsgt. 3  
N-5003 BERGEN

Telefon: 55 55 39 80      Bankto: 6511.05.05331  
Telefax: 55 55 39 88      Org.nr: NO 938 613 109  
e-mail: vest@fiskarlaget.no      Org.nr: NO 984 152 094 MVA





side 2

opplysningar om nordsjøsild, slik ein får om dei andre fiskeslaga Norges Sildesalgsdag omset, på Norges Sildesalgsdag si nettside, både når det gjeld den ordinære kvoten og særskilde kvotar t.d. låssettingskvoten på 500 tonn i Skagerrak.  
Kopi til Fiskeridirektoratet og Fiskeri- og kystdepartementet."

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo  
Britt Sæle Instebo

Kopi: Fiskeridirektoratet  
Fiskeri- og kystdepartementet